

Guds rike - 3

Skjerm bilde på imf.no/erik

Alle gjenfødde kristne er døpt med Den Heilage Ande.

«For med éin Ande vart vi alle døpte til å vera éin kropp, anten vi er jødar eller grekarar, slavar eller frie, og alle fekk vi éin Ande å drikka».

(1.Kor.12:13)

Paulus sine bønner for dei truande om Guds kraft:

- **Stø kurs og ha tolmod:** «De skal styrkjast av krafta frå hans herlegdom, så de alltid er uthaldande og tolmodige» **(Kol.1:11)**
- **Vekse i ei tru, grunnfesta i kjærleiken:** «Må han som er så rik på herlegdom, styrkja dykkar indre menneske med kraft ved sin Ande. Må Kristus ta bustad i hjarta dykkar ved trua og de stå rotfeste og grunnfeste i kjærleik. Må de saman med alle dei heilage få styrke til å fatta breidd og lengd, høgd og djupn, ja, kjenna Kristi kjærleik, som er større enn nokon kan forstå. Må de bli oppfylte med heile Guds fylde!» **(Ef.3:16-19)**
- **Verande i håpet:** «Må han lysa opp auga til dykkar hjarte, så de får innsikt i kva håp han har kalla dykk til, kor rik og herleg arven er for dei heilage». **(Ef.1:18)**

Nærværet av Guds ånd i den truande sitt liv

Konsekvens for praktisk og etisk liv: «Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin.» **(Galaterbrevet 5:22-23)**

Aposteltenesta – ei nådegåve

- «I kyrkja har Gud for det første sett nokre til apostlar, for det andre profetar, for det tredje lærarar, deretter gåva å gjera mektige gjerningar, deretter nådegåver til å lækja, til å hjelpa, til å leia og til å tala i ulike tunger. Er vel alle apostlar? Er alle profetar? Er alle lærarar? Gjer alle mektige gjerningar?». **(1.Kor.12:28-29)**
- «Til kvar einskild av oss er nåden gjeven, alt etter som Kristi gåve blir tilmålt. (...) Og det var han som gav somme til å vera apostlar, somme til profetar, somme til evangelistar, somme til hyrdingar og lærarar» **(Ef 4:7+11)**
- «Vi har ulike nådegåver alt etter den nåden Gud har gjeve oss.» **(Rom.12:6)**

Det særmerkte ved apostelgåva

«Dei teikna som er kjennemerke på ein apostel, har eg med stort tolmog gjort mellom dykk, både teikn, under og mektige gjerningar.»

(2.Kor.12:12)

Periodar med mykje teikn og under

- Under Moses og utvandringa frå Egypt.
- Under Elias og Elisa si teneste.
- Under Jesus og apostlane si teneste

Formålet med mirakel er at det er «teikn»

- **2.Mos.4:5** «Dette er for at dei skal tru at Herren, deira fedrars Gud, Abrahams Gud, Isaks Gud og Jakobs Gud, har synt seg for deg.»
- **1.Kong 17:24** «No veit eg at du er ein gudsmann, og at Herrens ord i din munn er sanning.»
- **1.Kong 18:36** «Herre, Abrahams, Isaks og Israels Gud! Lat det i dag bli kjent at du er Gud i Israel, at eg er tenaren din, og at det er på ditt ord eg har gjort alt dette».
- **Joh.3:2** «Rabbi, vi veit at du er ein lærar som er komen frå Gud, for ingen kan gjera dei teikna du gjer, utan at Gud er med han.»
- **1.Tess.2:13** «Difor takkar vi stadig Gud, for då de fekk overlevert det Guds ord som vi forkynte for dykk, tok de imot det – ikkje som menneskeord, men som det Guds ord det i sanning er».

Periodane med mykje mirakel er vendepunkt i historia

Dr. Robert L. Saucy: «Faktum er at vi kan lese i Skrifta at teikn og under særleg følgjer dei som står i ei profetisk teneste under enkelte viktige vendepunkt i frelseshistoria. Vi ser det under Moses når Lova vart introdusert, vi ser det under Elias og Elisa når avgudsdyrkinga nådde sitt klimaks, og vi ser under Kristi gjerning når han proklamerte den gode budskapet om frelsa i han. Til og med under utbreiinga av dette nye evangeliet i den tidlege kyrkja, ser vi at teikn og under i Apostelgjerningane er relatert til enkelte vendepunkt, idet Evangeliet gjekk ut frå Jerusalem til resten av verda - altså idet Evangeliet gjorde sitt inntog i eit nytt område».

Desse teikn skal følgje alle som trur?

«Han sa til dei: «Gå ut i all verda og forkynn evangeliet for alt som Gud har skapt! Den som trur og blir døypt, skal bli frelst. Men den som ikkje trur, skal bli fordømd. Og desse teikna skal følgja dei som trur: I mitt namn skal dei driva ut vonde ånder, dei skal tala nye tungemål, dei skal ta ormar i hendene, og om dei drikk dødeleg gift, skal det ikkje skada dei. Dei skal leggja hendene på sjuke så dei blir friske.»

(Markus 16:15-18)

Desse teikn skal følgje alle som trur?

- **Nei:** «Er vel alle apostlar? Er alle profetar? Er alle lærarar? Gjer alle mektige gjerningar? Har alle nådegåver til å lækja? Talar alle i tunger? Kan alle tyda tungene?» **(1.Kor.12:29-30)**
- **Heller ikkje i den første tid:** «Ved hendene til apostlane vart mange teikn og under gjorde i folket. (...) Dei bar til og med sjuke ut på gatene og la dei på senger og bårer, så i det minste skuggen av Peter kunne falla på nokre av dei når han gjekk framom. Også frå byane kring Jerusalem kom det folk i stort tal. Dei bar med seg sjuke og slike som var plaga av ureine ånder, og alle vart lækte». **(Apg.5:12,15-16)**

Mirakelets innverknad på vår tru

Oscar Wilde: *«I denne verda er det berre to tragediar. Den eine at ein ikkje får det ein vil ha, den andre at ein får det».*

Philip Yancey: *«Gud vil ikkje vil berre ha vår lydnad, men vår kjærleik. Gud bryr seg ikkje om å bli analysert, men vil bli elska. Og det at kjærleiken ikkje opererer etter makta sine reglar, kan vere ei hjelp til å forstå kvifor Gud i blant vel å la vere å bruke si makt. Han skapte oss for at vi skulle elske han, men hans mest imponerende under – av det slaget vi innerst inne lengtar etter – gjer ingenting for å fostre denne kjærleiken».*

Douglas Hall: *«Guds problem er ikkje at Gud ikkje er i stand til å gjere visse ting. Guds problem er at han elsker. Kjærleiken kompliserer livet for Gud som det kompliserer alle sitt liv.»*

Martin R. De Haan: *«Måtte vi ikkje vere ein generasjon som får eit teikn og ikkje trur det, eller ein generasjon som ønskjer eit teikn og ikkje treng det».*